



# Praksis rundt sanking frå utmarksbeite - resultat av ei spørjeundersøking

Forfatter

Inge Midtveit, Animalia, dyrevelferd

Sammendrag

Ei undersøking som Animalia har utført blant norske sauehaldarar viser at om lag 30% ser ut til å ha eit opplegg i samband med sanking som kan gje vekttap hos lamma og redusert spisekvalitet på kjøttet.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 4/2014

Utskriftsdato

08.06.2023 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)



Sanking. (Foto: Arne Flatebo)

# Praksis rundt sanking frå utmarksbeite

- resultat av ei spørjeundersøking

*Ei undersøking som Animalia har utført blant norske sauehaldarar viser at om lag 30% ser ut til å ha eit opplegg i samband med sanking som kan gje vektta hos lamma og redusert spisekvalitet på kjøttet.*

Ei spørjeundersøking Animalia utførte i vinter viste at 93% av Sauekontrollens medlemmer brukar utmarksbeite. Målet med undersøkinga var å kartlegge omfanget av rutinar som kan ha negativ innverknad på dyrevelferd eller kjøttkvalitet.

## **Bakgrunn for undersøkinga**

Stress i form av driving, skiljing og faste kan vera eit dyrevelferdsproblem. Det kan også påverke spisekvalitet og verdien av lammeslaktet. Fysisk

påkjenning og redusert fôropptak under sanking og sortering gjer at lamma tærer på haldet, noko som kan gje tapt forteneeste i form av lågare slaktevekter og eventuelt dårlegare klassifisering. Dette må likevel vegast opp mot dei ressursane den enkelte gard rår over. For mange er det viktigaste å få dei slaktemogne lamma i veg til slakteriet, slik at graset heime kan prioriterast lam som enno ikkje er slaktemogne. Det er for dei fleste likevel mogleg å organisere seg slik at sankinga ikkje fører til tapt forteneeste, redusert velferd eller spisekvalitet, men det krev innsikt og kunnskap om årsakene.

Animalia publiserte i 2010 resultatane frå ei forundersøking der ein fann indikasjon på at det i norsk utmarksbasert lammeproduksjon er eit potensiale for både betre dyrevelferd og betre

kjøttkvalitet. Undersøkinga var likevel ikkje omfattande nok til at ein kunne seie noko om kor stort dette potensialet er.

På bakgrunn av dette gjennomførte Animalia hausten 2013 ei undersøking av stresspåkjenning og spisekvalitet i lam slakta på ulike tidspunkt etter sanking. Undersøkinga vart utført i eit beitelag og er del av eit større prosjekt kalla «Småfesmak», eigd av Nortura. Undersøkinga viste at lam i dette beitelaget kan slaktast direkte etter sanking med god kjøttkvalitet og at ein spisekvalitetsmessig ikkje har nytte av tre dagar på kraftig håbeite mellom sanking og slaktning.

Lamma i undersøkinga viste i blodprøver klare teikn på fysisk stress og faste, men påkjenninga slo ikkje tydeleg ut på spisekvalitet. Beitelaget der undersøkinga vart gjennomført har



ganske kort driving og lamma som blir sankt dei to fyrste dagane blir føra med rundball i sankekvea. Spørjeundersøkinga som me presenterer her viser at dette ikkje er vanleg i mange beitelag, og me vil difor i år undersøke lam som er utsett for hardare sanking og driving samt lengre fastetid.

### Resultat frå undersøkinga - fysisk påkjenning


Totalt 1.369 personar svarte på spørjeundersøkinga, og av desse hadde 1.275 sau på utmarksbeite. Berre dei som svarte at dei har sau på utmarksbeite gjekk vidare i spørjeundersøkinga og fordeling på buskapsstorleik er vist i figur 1.

Den fysiske påkjenninga som sau og lam blir utsette for varierer mykje, men hovudtyngda av besetningane ser ut til å bli drivne eller jaga over korte avstandar. Vel halvparten av dei som svarte oppgjev at ein driv dyra fire timar eller mindre. Likevel er det 19% som driv dyra minst seks timar og 2% meir enn tolv timar.


Det er like mange sauebønder som sankar dyra sine aleine og utan bruk av hund, som deltek i fellessanking med hund (figur 2). Etter sanking er det om lag like mange som samlar sauene på ei hegne eller i eit inngjert område (53%) som dei som driv dei heim til garden (47%).



Figur 1. Fordeling av buskapar etter antall lam forventa slakta



Figur 2. Korleis blir sankinga organisert?





## Ventetid på hegne eller samlegjerde

Hovudtyngda av besetningane står kort tid i samlekevea eller hegna (figur 3.) Vel halvparten (57%) brukar innmarksareal for dyra (setervoll o.a.). Arealet er derimot ofte lite - for halvparten av besetningane (52%) under eit halvt dekar per sau med lam. Berre 12% oppgjev at det er meir enn to dekar per sau med lam. Det er også fem prosent som svarar at det blir føra med rundball på hegna.

Vidare er det ein stor del av besetningane (17%) som seier at dei fyrst samlar dyra inn på eit inngjert område inne i fjellet før dei blir drivne vidare til hegne eller skiljeanlegg. Denne drivinga kan ta meir enn seks timar (12%), mellom fire og seks timar (18%), men for dei fleste (70%) tek det ein til tre timar.

## Handtering etter sanking

Etter sanking blir ¼ av besetningane tatt rett heim, ½ sorterer dyra etter eigar på hegna og ¼ både skiljer og veg lamma i felles sankeanlegg. Vel halvparten (65%) transporterer sauene heim med bil eller traktor, resten driv dei til fots. Figur 4 viser fordeling av transportavstanden.

Skiljing og veging kan enten gjerast ved hjelp av eit sorteringsanlegg med drivgang og skiljeportar eller med meir manuelt arbeid. 42% oppgjev at dei nyttar sorteringsanlegg. Det er med andre ord heile 58% som sorterer dyra ved å trenge dei saman, fange dei for hand og føre dei til sorteringsgardar.


## Slaktetidspunkt etter sanking

Slaktetidspunkt etter påkjenninga under sankinga er svært relevant for spisekvaliteten. Denne vil naturleg nok også variere frå år til år, alt etter kvaliteten på beitesesongen. Me bad difor om at ein på dette spørsmålet tok utgangspunkt i eit normalår. Tabell 1 viser kor stor del av lamma som blei slakta innan tre dagar etter sanking. Den viser svara frå alle som deltok i undersøkinga og er delt inn i tre ulike leverandørstorleikar.

## Konklusjon og diskusjon

Tre fjerdedelar av besetningane i undersøkinga samlar sauene sin på ein eller annan måte etter sanking. Heile 57% let dyra gå på innmarksareal og 5% førar dyra med rundball, slik at i

Figur 3. Ventetid på hegne eller samlegjerde



Sortering etter sanking. (Foto: Grethe Ringdal, Animalia)

Tabell 1. Andel lam slakta innan tre dagar etter sanking for ulike produsentars storleik

Lam levert/år	Antall	100%	75%	50%	25%	0%
Alle besetningar	1.275	3%	7%	9%	15%	66%
1-100	572	4%	9%	11%	9%	67%
101-500	685	1%	6%	8%	19%	66%
> 500	18	0%	8%	0%	38%	54%


det minste ein del av grovfôrbehovet blir dekt og drøvtygging kan oppretthaldast. For dei dyra som ikkje har tilgang til beite eller fôr vil tidsaspektet vera avgjerande, og det er 30% som står to døgn eller lengre (figur 3). Desse dyra vil kunne oppleve kjensla av svolt og dermed få nedsett velferd.

Slaktning kort tid etter sanking og skiljing utgjør ein risiko for at forbrukaren får lammekjøtt med nedsett spisekvalitet på bordet. Det er i vår undersøking eit vesentleg omfang av denne praksisen, slik tabell 1 viser. Det er likevel mogleg å redusere denne risikoen ved å minimalisere påkjenninga

under sanking og korte ned tida lamma er utan beite eller fôr til eit minimum. Godt samarbeid og effektiv organisering av sankinga vil vera viktig der fleire buskparar beiter i same område.

Lam utan tilgang på beite eller fôr dekker sitt energibehov ved å forbrenne muskel og fett. Dette gjer at slaktevekta minkar med aukande fastetid. Undersøkingar frå New Zealand og Australia viser at reduksjonen i slaktevekt er størst dei fyrste to døgn med hhv. 3,5%, 5,9%, 7,3% og 7,7% på 24, 48, 72 og 96 timars faste. Ein har også funne at vekttape er større hjå magre lam enn feite lam.

Figur 4. Lengda på beitetransporten



For sauebonden kan ein difor anslå at fasting av eit gjennomsnittleg lam i fire døgn gjev eit vekttap (slaktevekt) på om lag 1,5 kg.

Det er tilrådd å faste lam i 12-24 timar før slakting, på grunn av mindre fyll i vom og tarmar og dermed betre slaktehygiene. Eit visst vekttap frå gard til slakting må ein altså rekne med, men unødvendig faste utover dette bør ein unngå. Det viktigaste tiltaket er å plukke ut slaktelam så fort ein har fått dei sankt og, dersom ein ikkje kan unngå fleire dagars venting, gje dei tilgang til beite eller tilleggsfôr.

Av spesialveterinær Inge Midtveit,  
Animalia, dyrevelferd

Referanser:

Midtveit m. fl. Sankepraksis og velferd og kjøttkvalitet hos lam. Norsk veterinærtidsskrift. - Årg. 122, nr. 8 (2010)

#### Feittsyrer i lammekjøtt:

- Det er brei semje blant forskarane om at det er beiting på friskt gras som skaper gunstig feittsyresamansetning – om graset veks ved sjøen eller på fjellet, på eng eller snaufjell, har mindre å seie.
- Det er påvist sikre skilnader i feittsyresamansetjing, men desse skilnadene er for små til å kunne brukast til marknadsføringsformål.
- Smaksmessige skilnader er i liten grad påverka av beitetype og for små til å kunne oppdagast av forbrukaren.
- Dyras feittklasse påverkar feittsyresamansetninga, men for dyr med same feittklasse betyr beitetypen svært lite.



Effektiv handtering etter sanking.  
(Foto: Grethe Ringdal, Animalia)

#### Spisekvalitet:

Mørheit, saftigheit, farge og smak eller aroma blir påverka av lammets energistatus på slaktetidspunktet. Lam som er tømt for energi på grunn av til dømes hard sanking og lang faste, vil vera mørkare, mindre smakfulle og ofte seigare enn normalt lammekjøtt.



Foto: Elin Grue

Vi merker levende verdier

## Trygg og effektiv øremerking siden 1936

I over 75 år har OS ID® bidratt til at bønder over hele landet kan merke husdyra sine sikkert og dyrevennlig.

Vi er stolte over å være norske bønders samarbeidspartner!

OS ID®  
2550 Os i Østerdalen

Tlf. 62 49 77 00  
www.osid.no

OS

ID  
COMBI\*  
2000

COMBI E

